

Til:

Bergljot Brekken
Eilen Refvik
Ernst Mæland
Heidi Ånestad
June Rimestad
Kristoffer Bøe
Mari Vigre
Ragnvald Riis
Stine Karen Kjellås

Dykkar ref.

Vår ref.
23/26835Arkivkode
035 A20Dato
20.09.2023**Nærbø ungdomsskule - Referat frå SU/SMU møte 18. september 2023**

Dato: Måndag 18. september 2023

Tid: Kl. 19.00-20.00

Desse møtte: Eilen Refvik, Heidi Ånestad, Ernst Mæland, Stine Karen Kjellås, Ragnvald Riis,
Lasse Øglænd Ingvarsen, Benedicte Salte Nordvik og Linda Hadland Forsmo

Forfall: Bergljot Brekken, June Rimestad og Mari Vigre

Saker:**17/23: Godkjenning av saksliste.**

Godkjent

18/23: Godkjenning av [referat](#) frå mai-23

Godkjent

19/23: Konstituering av SU/SMU:

Leiar: Kristoffer Bøe

Nestleiar: Heidi Ånestad

Referent: Linda Hadland Forsmo (rektor)

20/23: Møteplan/årsplan. FAU og SU/SMU møtene blir same kvelden. Starte SU/SMU kl 19.00 eller 19.15?

Me startar kl 19.15 frå neste gong.

Møteplan:

Haust 2023	18. september	2. oktober	20. november
Vår 2024	19. februar	8. april	27. mai

21/23: Utviklingsplanen 2023-24. Ligg på heimesida til Nus: <https://www.ha.no/nus>

Rektor synte kva satsingsområdet for skuleåret er: *På Nærbø ungdomsskule skal me ligge på landssnitt eller over på elevmedverknad og støtte frå lærar på elevundersøkinga.*

Informerte og om at NUS fekk godt resultat på Grunnskulepoenga for elevane som gjekk ut 10.kl våren 2023. NUS ligg over nasjonalt snitt og snittet i Rogaland, som er veldig bra.

22/23: Kort informasjon om prosjektet til kommunen om vold og truslar

Alle tilsette i heile kommunen har lese boka "Mot vold og aggresjon i skolen" av Lisa Øien og Ole Greger Lillevik. Alle tilsette i kommunen har og vore på kurs med Ole Greger Lillevik. Skulane skal arbeide med boka og dette tema gjennom heile året.

23/23: Orientering frå politisk representant

Valkampen er ferdig. Fleire parti har gått til val på at dei skal bevilge meir pengar til skulen. Skulane i Hå kommune får minst pengar per elev samanlikna med jamstilte kommunar i landet. Det blir spanande å sjå om dei held det dei har lova. Budsjettet blir lagt fram seint ut på hausten.

24/23: Eventuelt

- **Leirskule**

På Nus må lærarane som er på 8.trinn stille som leirskulelærarar, når trinnet reiser på leirskule i aug/sept. Her reiser dei på ubemanna leirskule, og har ansvar for alt av undervisning og matlaging. I tillegg har dei ansvar om natta og er brannvakter. Det er eit stort ansvar lærarane må ta på seg ved organiseringa som blir gjort på Nus. I andre nærliggjande kommunar sender dei elevane på bemanna leirskule, med utdanna personell til denne form for undervisning.

Skulegangen skal vera gratis. Leirskule er obligatorisk undervisning. På bakgrunn av det, meiner SU at politikarane i Hå kommune må bevilge nok midler til skulane, slik at dei kan sende elevane på bemanna leirskule.

SU vil vente å sjå kva som skjer i budsjettet i haust, før dei eventuelt lagar ein sak på dette. Dei vil sjå om det blir øremerka nok midler til bemanna leirskule. Det koster ca 3500 kr per elev å reise på bemanna leirskule. Nå får skulane tildelt 1000 kr per elev til leirskule.

- **Visma - innsyn for foreldre/føresette til å kunne sjå merknadar**

Det skal vera ei evaluering i haust. SU håpar dei endrar på dette, slik at foreldre/føresette får innsyn, slik det var tidlegare. Elevane treng ikkje innsyn.

- **Elevrådet**

Saker i elevrådet kan takast inn i SU om elevane ønsker det.

Med helsing
Hå kommune

Kari Ann Røgenes Bjørnsen
administrasjonskonsulent

Kopi til:

Linda Hadland Forsmo
Rune Roaldsen
Waldemar Pettersen

kommunalsjef

Dokumentet er elektronisk godkjent og treng ikkje signatur